Lammesesongen

2023

Nortura
bondens selskap

God marknadssituasjon for sau og lam

Ein ny slaktesesong for sau og lam står for døra. På nokre hektiske haust-veker skal eit års arbeid med sauen omsetjast til slakteoppgjer til Nortura-sauebøndene og kvalitets-mat til forbrukarane. Dette krev god planlegging frå bonde til butikk. Det som gjer det ekstra spanande med slaktesesongen på sau og lam, er at ein også er avhengig av kva naturen byr på av vær og vind. Våren var sein i mange beiteområde, men mykje snø betyr ofte gode utmarksbeite. Forsommaren har vore tørr på store delar av Aust- og Sør-landet, men kald og våt i nord. Korleis vil det verke inn? Nortura-sauebonden er kvalitetsbevisst, og spaninga ligg ikkje på kva kvalitet lamma har, men kva tid lamma kjem til slakting.

I 2022 fekk vi ein seinare slaktesesong enn forventa. Dette kom av at ein uventa stor andel av lamma trong sluttfôring før slakting. Difor måtte planane justerast, og dei viktigaste salskanalane i butikk prioriterast i starten av slaktesesongen. Dette lykkast vi bra med, og Nortura kunne notere seg ein salsvekst på 3 % i slaktesesongen 2022. Eit godt sal til industrikundane var ein viktig årsak til dette. Saman med stabile tilførslar, gjev dette ein god marknadssituasjon for sau og lam. Vi starta 2023 med tomme reguleringslager, men det har ikkje vore behov for nedsette tollsatsar og regulerings-import. Slakting utanom sesong, kvoteimport og uttak av stykkingsdelar frå eigne industri-lager, ser ut til å forsyne marknaden med nok råvarer fram til ny slaktesesong.

Førebuingane til årets slaktesesong har gått føre seg lenge. Ein stor del av personellet som bemannar skjere- og slaktelinene på småfe i Nortura er sesongarbeidskraft frå utlandet. Krig i Ukraina, auka levestandard i Aust-Europa, brexit i Storbritannia og svak kronekurs gjer det vanskelegare og mindre interessant å kome til Noreg som sesongarbeidarar. Nortura må difor strekke seg langt for å få inn nok folk. Vikarbyråa som jobbar for Nortura har god tru på at dei skal greie jobben i år også.

Seljarane våre har avtalt salsaktivitetar med daglegvare-kundane. Nortura etablerer sesong-sortimentet i butikk i fyrste veka i september (veke 36). Dei store sals-kampanjane startar i veke 37 og varar til midt i oktober. Samstundes skal pinnekjøtt-produksjonen i gang. Nortura ynskjer seg difor at ein del av dykk som har sau på utmarksbeite er i gang med sanking og plukkslakting i veke 35, og at vi er i gang for fullt med sesongslakting frå veke 36. Det går litt over ei veke frå slakting til produkta er klare i butikk.

Utgiver: Nortura SA
Redaktør: Finn Avdem
Grafisk produksjon: LKT digital AS
Opplag: 2675
Forsidebilde: Godt å kome heim til frodige haustbeite!
Foto: Linn Hege Engen

Foto: Kari Mørkve Jordalen

Ei anna viktig kundegruppe for Nortura er andre industri-verksemder som kjøper heile slakt. Nortura hadde eit rekord-høgt sal til industrikundane i 2022. Signala er at behova er like store dette året. Det er positivt for marknadsbalansen og moglegheitene Nortura har for å ta ut høgare pris til bonden. Medel avrekningspris i 2022 inkludert tilleggsytingar låg kr 7,30 over 2021 på lam og kr 6,90 på sau. Prisprognosane s. 5 viser at Nortura har ambisjonar om vidare prisvekst til bonden også denne sesongen. Godt sesongsal og høg marknadsandel på tilførslar er to viktige føresetnader for at Nortura skal lykkast med dette.

Nortura er difor klare for ein ny slaktesesong. Sjå eigen oversikt over når slaktinga startar opp på slakteriet du leverer til. Vi håpar årets Lammesesonghefte er eit godt grunnlag for å lage ein god plan for deg og dei du samarbeider med.

Vi skal stå på for godt sal og vidare prisvekst til sauebonden.

Lykke til med Lammesesongen 2023, i samarbeid med Nortura!

Finn Avdem
Fagsjef småfe i Nortura

Leveringsvilkår for småfe 2023

Nortura har gjort noen få endringer i årets leveringsvilkår i forhold til fjoråret. Stoppsatsen og KSL-trekket er økt og trekk for å ta skinn i retur og prisen Norilia betaler for ullne skinn, er justert. I tillegg er kvalitetstilskuddet fra staten økt betydelig.

Gjeldende fra 3. juli

Tillegg	Sats	Info
Puljetillegg Gjelder sau/lam og geit/kje	15-29 stk: kr 10,- 30-49 stk: kr 15,- 50-74 stk: kr 20,- 75-99 stk: kr 30,- 100-129 stk: kr 40,- 130 -209 stk: kr 50,- fra 210 stk: kr 60,-	Puljetillegg beregnes etter antall leverte dyr (eller pr innmelding dersom vi splitter leveransen). Ved samlasting beregnes puljetillegg for samlet antall. Sats er i kr pr stk.
Kvantumstillegg Gjelder sau/lam	1000-1999 kg: kr 0,40 2000-2999 kg: kr 0,80 3000-4999 kg: kr 1,20 over 5000 kg: kr 1,70	Satsen gjelder årskvantum slakt av sau og lam, og utbetales som kr pr kg. Kvantumstillegget gjelder ikke ved kassert.
Sesongtillegg lam	uke 31-36: kr 2,00 uke 37: kr 1,50 uke 38: kr 1,00 uke 39: kr 0,50	Gjelder pr kg lam levert i perioden i sesongen.
Tillegg Stjernelam	kr 2,50 pr kg	Gjelder lam etter følgende kriterier: Slaktevekt fra 15,1 kg Klasse O+ eller bedre Fettgruppe 1+, 2-, 2, 2+, 3- og 3
Tillegg Gourmetlam	uke 31-44: kr 3,00 pr kg (Gourmetlam vil også få utbetalt Stjernelamtillegg = 5,50 pr kg i sum kvalitets-tillegg)	Gjelder lam etter følgende kriterier: Slaktevekt fra 17,1 kg Klasse R eller bedre Fettgruppe 1+, 2-, 2, 2+,3- og 3 Gjelder ikke lam som går inn i nisjevarestrømmer.
Effektivitetstillegg sau	uke 31-35 kr 3,00 pr kg uke 42-45 kr 3,00 pr kg	Tillegget benyttes for å styre slakting av sau til ønskede uker.
Lammeringstillegg	kr 15,- pr stk	Gjelder småfe levert fra besetninger organisert i lammering. Medlemmer i lammering får ikke skyvetillegg, men prisen i ønsket uke er garantert dersom prisen er lavere i slakteuken, gjelder også endringer i grunntilskuddet.
Tillegg økologisk sau/ung sau	kr 1,00 pr kg	Gjelder sau/ung sau innmeldt som økologisk og merket med Debiomerker.
Tillegg økologisk Stjernelam	kr 3,00 pr kg	Gjelder lam med Stjernelam-kvalitet, innmeldt som økologisk og merket med Debiomerker.
Skyvetillegg i sesong Det er ikke mulig å melde inn på ordningen	kr 0,50 pr kg/uke Fra og med uke 27 til og med uke 48	Når innmeldingen i toppsesongen om høsten er større enn slaktekapasiteten, må vi ofte måtte «skyve» dyr ut over ønsket slakteuke. Dette kompenseres med et pristillegg. Skyvetillegg gjelder ikke for medlemmer i lammering. Prisen i ønsket uke er garantert dersom prisen er lavere i slakteuken, gjelder også endringer i grunntilskuddet.
Tillegg RFID-merking	kr 12,00 pr stk	Gjelder lam, ung sau, sau og vær som blir levert med elektroniske øremerker.
Pristillegg ullne skinn	Pelssauskinn: kr 305,- Farga spælsau-skinn: kr 195,- Villsau-skinn: kr 55,- (Ny prisvurdering i august)	Dyr det skal tas ullne skinn fra, bør være slakta før midten av oktober. Det kan være aktuelt å ta pelssauskinn etter denne datoen dersom behovet ikke er dekt. Farga spælsauskinn skal være gråmelerte. Det er slakteriet som avgjør hvilke dyr det er aktuelt å ta ullne skinn fra.
Kvalitetstilskudd lam	kr 525,- pr stk klasse O+ og bedre (Fra 1.1.2024, kr 545,-)	Kvalitetstilskuddet gjelder for lam med kvalitet klasse O+ og bedre. Tilskuddet utbetales ikke for lam som er født foregående år og som slaktes fra og med 1. mars.

Trekk	Sats	Info
Hygienetrekk	kr 120,-	Alle dyr som slaktes med ulla på vil få trekk. Dyr som er så møkkete at de ikke kan klippes rene, vil få trekk. Hjemmeklipte dyr som er forurenset etter klipping vil også få trekk. Dersom forurensingen har skjedd under inntransport eller oppstalling på slakteri, vil ikke produsenten trekkes.
Trekk for skinn i retur	kr 85,-	Trekket er for verdi av skinn, samt salting og håndtering av skinn som tas i retur.
Stoppsats	kr 250,- pr uke	Hvis leveransen er delt på flere hentinger pga lass-størrelse eller flere dyreslag, trekkes det for en stoppsats pr uke. Hvis produsenten selv ønsker å dele sin leveranse på 2 dager, skal det trekkes for stoppsats ved hver henting. Ved samlasting fra 2 eller flere bortfaller stoppsatsen.
KSL-trekk	40 % trekk på avregningspris	Trekkes på leveranser fra besetninger som har manglende KSL-oppfølging. (Mangler egenrevisjon og/eller har avvik som ikke er lukket og som er relevante for varestrømmen). I tillegg utbetales ikke Stjerne- og Gourmetlam tillegg.

Totalmarkedssituasjonen og prisutvikling for lammesesongen 2023

Markedet og lagersituasjonen
Vi har nå en god markedssituasjon på sau og lam, noe som gjør det mulig å løfte engrosprisen. Mange ting har bidratt til dette. Produktserien Hverdagslam øker lammesalget utenfor sesongene. Produktutvikling og andre markeds-aktiviteter bidrar til salgsvekst for produkter av både sau og lam. Pandemien gjorde også at salget økte.

Produksjonen av sau og lam er redusert fra toppårene 2017 og 2018 og er nå på et nivå som gir grunnlag for et velfungerende marked framover. I 2022 ble det ikke fryst inn hverken lam eller sau på reguleringslager.

I 2023 forventes lammesalget å gå noe tilbake sammen-lignet et godt salg i 2022. Dette kommer av at vi fremdeles sammenligner oss med en periode med pandemi. Salget forventes å falle med 2 %, noe som er betydelig mindre tilbakegang enn for annet rødt kjøtt. Tall fra dyre- og fostertellinger viser en nedgang i antall søyer og en nedgang i lam per søye. Til sammen gir dette en prognosert nedgang i norske tilførsler av lam på i overkant av 1 pst. Etter at WTO-kvoten på 206 tonn, import fra Island på 600 tonn og SACU-import på 250 tonn er tatt inn, prognoseres et lite reguleringslager av lam ved utgangen av året.

Det forventes at tilførselen sau øker med om lag 1 pst. for året som følge av økte slaktevekter. Engrossalget av sau forventes å øke med det tilsvarende, og det forventes ikke sau på reguleringslager ved utgangen av året.

Prisforventning til årets sesong
Konsernstyret i Nortura har vedtatt å øke engrosprisen for 2. halvår 2023 med kr 1,00 per kilo sammenlignet med 1. halvår 2023. Sammenlignet med høsten 2022 er det en økning på kr 4,50 per kilo, opp 5,7 pst. Som figuren på neste side viser, vil avregningsprisen for lam ligge godt over fjoråret gjennom hele sesongen. Engrosprisen for sau har økt med kr 1,80 sammenlignet med sesongen i fjor. Omsetningsavgiften er uendret fra fjorårets sesong.

Vi ønsker mest lam når etterspørselen er størst
Prisløypa for lam legges opp med tanke på å få en tilførselskurve som gjør at det blir minst mulig skyving i slaktesesongen. Samtidig er målet å ha tilstrekkelig med lam til å dekke etterspørselen gjennom hele sesongen, og fryse inn minst mulig.

Foto: Linn Hege Engen

Butikkjedene ønsker å komme i gang med sine lands-dekkende kampanjer på lam fra midten av september og legger sine planer etter det. Det innebærer at vi må legge opp til en prisløype som stimulerer til at en del tar jobben og kostnadene med å sanke sau og plukkslakte lam så tidlig at vi blir leveringsdyktige når sesongen er på topp i butikkene. Starten av prisløypa er derfor lagt opp med tilnærmet samme form som i de foregående årene, men som i fjor, er differansen mellom høyeste og laveste punkt på prisløypa litt mindre enn tidligere. Dermed stimuleres det fortsatt til tidlig levering, samtidig som produsenter i områder med litt senere slakting får en forholdvis høyere pris. Vi håper også at kjedene blir med på å holde salgs-trykket oppe utover i sesongen.

Avregningsprisen til sauebonden består av flere element; engrospris, omsetningsavgift, grunntilskudd og sesong-tillegg. Det er summen av endringene i alle disse som danner prisløypa gjennom sesongen.

Prognosen for endring av avregningspris, grunntilskudd og sesongtillegg for et R lam, sammenlignet med foregående uke i høst, ser slik ut:

Uke	Dato	Prisendring
27	03.07.2023	kr 0,44
31	31.07.2023	kr 3,00
34	21.08.2023	-kr 0,50
35	28.08.2023	-kr 1,00
36	04.09.2023	-kr 1,80
37	11.09.2023	-kr 2,30
38	18.09.2023	-kr 1,20
39	25.09.2023	-kr 1,50
40	02.10.2023	-kr 0,50
41	09.10.2023	kr 0,00

Figuren neste side viser prisprognosen for sesongen 2023 sammenlignet med i fjor. Den viser at de prognoserte prisendringene i år er tilnærmet lik slik prisendringene ble gjennom fjorårssesongen. Når det gjelder prisnivå i 2023, tas det forbehold om endringer i slaktekostnader, innmat- og skinnverdier, m.m. som vi ikke er kjent på det tidspunktet dette skrives.

Konsentrert saueslakting før og etter den travleste lammesesongen er mest rasjonelt
For å få en god avvikling av slakting, skjæring og salg, ønsker vi å styre saueslaktingen utenom ukene med mest lammeslakting. Det er viktig at slakteriene bruker kapasiteten på å få nok lam ut i markedet i de mest hektiske ukene av sesongen. Derfor legger vi opp til en prisløype som stimulerer til konsentrert slakting av sau i

starten og mot slutten av lammesesongen. I disse periodene er slakte- og skjærekapasiteten for sau god, fordi det fremdeles er sesongarbeidskraft på slakteriene. Dermed kan en også utnytte råstoffet bedre.

Prisløypa for sau er utformet med tanke på å stimulere til slakting i femukersperioden før uke 36 og i de fire ukene som starter med uke 42. Det er variasjon i engrospris, grunntilskudd og effektivitetstillegg som former prisløypa.

Prisprognose lam klasse R 16,1 - 23 kg inkludert grunntilskudd og sesongtillegg



Uke dato	27 (3/7)	31 (31/7)	32 (7/8)	34 (21/8)	35 (28/8)	36 (4/9)	37 (11/9)	38 (18/9)	39 (25/9)	40 (2/10)	41 (9/10)
2023	62,7	65,7	65,7	65,2	64,2	62,4	60,1	58,9	57,4	56,9	56,9
2022	57,8	62,4	62,4	61,9	60,9	58,9	56,6	55,4	54,4	53,9	53,9

Prisprognose sau klasse R inkludert grunntilskudd og effektivitetstillegg



Uke	30	31	32	33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46
Dato	24/7	31/7	7/8	14/8	21/8	28/8	4/9	11/9	18/9	25/9	2/10	9/10	16/10	23/10	30/10	6/11	13/11
2023	25,9	28,9	28,9	28,9	28,9	28,9	21,9	21,9	21,9	21,9	21,9	24,9	28,9	28,9	28,9	28,9	25,9
2022	25,2	28,2	28,2	28,2	28,2	28,2	20,9	20,9	20,9	20,9	20,9	23,9	27,9	27,9	27,9	27,9	24,9

Utnytt leveringsvilkåra og få betre pris

Nortura-sauebøndene fekk i 2022 utbetalt i middel nesten kr 9 per kg lammeslakt i form av tilleggsytingar. Dette er betaling frå fellesskapet for god kvalitet, marknadstilpassing og sparte kostnader, samt ein bonus for levering over eit visst kvantum sau- og lammeslakt til Nortura. Det er difor viktig å setje seg inn i leveringsvilkåra (s.3) og tenkje igjennom korleis ein kan ta ut høgast mogleg pris.

Her er eit eksempel på korleis du kan plusse på avreknings-prisen på neste side ved å utnytte leveringsvilkåra. Vi føreset slaktevekt som i 2022 i Nortura (18,7 kg), levert i Gourmetlam-perioden i ei pulje på minst 15 dyr og at garden leverer minst 1000 kg saue- og lammeslakt til Nortura.

- Puljetillegg: (kr 10-60,- per dyr): kr 0,53-3,21 pr kg
- Tillegg Stjernelam: kr 2,50 pr kg
- Tillegg Gourmetlam: kr 3,00 pr kg
- Kvantumstillegg min. 1000 kg slakt : kr 0,40-1,70 per kg
- Lammeringstillegg (kr 15 per dyr): kr 0,80 pr kg
- Støtte elektroniske øyremerke (kr 12 per dyr): 0,64 pr kg

Sum: kr 7,87-11,85 pr kg lam

Dersom ein utnyttar leveringsvilkåra maksimalt og pris-prognosen s. 5 blir ein realitet, så vil eit R lam slakta i veke 35 betale seg med kr 76,- pr kg (inkludert grunntilskot). I tillegg kjem kvalitetstilskotet frå staten. Ein kan unngå stoppsats på kr 250,- dersom ein samlastar med ein eller fleire naboar.

Målet er 100% oppslutning om KSL

Kjøttbransjen ble fra 1. april 2018 enige om en ny avtale der bare slakt fra gårdsbruk med gyldig KSL skal inngå i produkt med «Nyt Norge»- merking. Kjøttbransjen ønsker at «Nyt Norge»-merket både skal garantere at maten er norsk og produsert av bønder som kan dokumentere at de følger norske lover og regler. Dette styrker tilliten til norsk mat.

KSL Kvalitetssystem i landbruket

Pristrekk for ikke KSL-godkjente slakt økte høsten 2022 til 40% av avregningspris. 40 % pristrekk er likt for alle slakterier i Norge. Trekket skal finansiere kostnader med å ha to varestrømmer. I tillegg blir det i Nortura ikke utbetalt Stjerne- og Gourmetlamtillegg på slakt fra gårder uten gyldig KSL. For lam kan derfor pristrekket fort bli opp mot 30 kroner pr kg.

Det er heller ikke mulig å melde inn slakt elektronisk uten å ha gyldig KSL. Produsenter uten gyldig KSL må derfor melde inn slaktedyr via telefon til Medlemssenteret. Her blir bonden rådet å vente med å melde inn dyr til KSL er på plass.

2 900 slakt eller 0,4% av alle sau/lam Nortura slakta i 2022 fikk trekk på grunn av manglende KSL. Det er vanskelig å finne kjøpere til disse slakta. Hele næringa, med faglaga og varemottakere i spissen, innførte derfor «Gyldig KSL» fra høsten 2022. Det betyr at den som ikke har gyldig KSL, tross mange varsler både i brev og på SMS, må kjøpe seg en oppfølgingsrevisjon til kr 4 500 + mva. Da kommer en KSL-revisor på besøk og bidrar til at egenrevisjonen kommer på plass dersom det er det som mangler. Revisoren kan også bidra med annen rådgiving for å få KSL på plass. Målet med dette er å få 100% oppslutning om KSL.

For å unngå pristrekk og oppfølgingsrevisjon, må du derfor sørge for å ha gyldig KSL **før** du melder inn dyr. Gå inn på https://stiftelsennorskmat.no/no klikk på «LOGG INN KSL» og sjekk når egenrevisjonen går ut på dato. Skjer dette midt i slaktesesongen, så gjennomfør egenrevisjon så fort som mulig. Da slipper du å tenke på dette en travel høstdag.

Sørg for å lukke alle relevante avvik og meld fra om dette til KSL. Et relevant avvik er viktig for matsikkerheten og/eller dyrevelferden, derfor bør avvik følges opp raskt. Trenger du hjelp til å gjennomføre egenrevisjon eller lukke avvik, kan du kontakte Stiftelsen norsk mat på tlf. nr. 24 14 83 00.

Sjekkliste ved innmelding og levering

Medlemmer/leverandører i lammering melder inn dyra sine til lammeringlederen om ikke annet er avtalt. Bruk gjerne ny løsning på «Min side» dersom det er enighet om det i lammeringen (se egen artikkel s. 16). Lammeringleder foretar en kollektiv innmelding fra ringen på Min side. Ved spørsmål om innmelding, kan lammeringleder kontakte Medlemssenteret på telefon 955 18 400. De som ikke er med i lammering, melder inn sine dyr på vanlig måte på Min side eller kontakter Medlemssenteret på telefon 955 18 400.

Ved innmelding oppgis:
- Leverandørnummer
- Antall lam
- Antall ung sau
- Antall sau
- Ønsket leveringsuke
- Eventuell samlasting og med hvem
- Eventuell egentransport til slakteri
- Om det er økologiske dyr, villsau, nisjedyr eller dyr i retur.
- Signalmerker bestiller du fra Os ID: osid.no/ tlf. 62 49 77 00
- Om dyr har avvik som det er viktig at transportplanlegger og transportør får vite om. Noter individnummer. (se egen sak om matkjedeinformasjon)
- Andre beskjeder som er viktig for slakteri eller transportør
- Husk å melde fra om besetningen har restriksjoner pålagt av Mattilsynet

Ved levering:
- Dyra må være samla og leveringsklare når dyretransportbilen ankommer
- Dyra skal ha godkjente og lesbare øremerker, 1 elektronisk. Husk at du bare kan bruke årets merker på årets lam. Mister et dyr øremerket, så må du bestille erstatningsmerke. Dette er forskriftsbestemt og merkene blir også brukt ved kategorisering av dyr (om dyret er lam, ung sau eller sau) på slakteriet
- Riktig antall dyr i forhold til innmeldte
- Økologiske dyr, nisjedyr, villsau (ved blandingslass) og returdyr skal være signalmerket
- Ferdig utfylt skjema for evt. retur- og nisjeslakt og returskinn skal leveres sjåfør
- Dyra skal være tørre
- Ulla bør være fri for merkemaling, flis, møkk og vegetabiler
- Syke og skadde dyr skal ikke transporteres. Dyr som du er i tvil om er transportdyktige, skal settes til side og presenteres for sjåføren før opplasting.

Innmelding, merking og levering av Villsau (Gammelnorsk sau)
Det er viktig for slaktestatistikken, ROS-analysen og bruken av slaktedyra at villsau kan skilles fra annen sau. Når du melder inn villsau på telefon, så si fra at innmeldingen gjelder villsau. Ved innmelding på Min side, velger du avtaletype VILLSAU.

Levering av kun Villsau
Produsenter som leverer kun villsau på den enkelte levering, trenger ikke å merke disse med signalmerker for villsau. Villsauen blir «identifisert» ut fra avtaletypen som blir registrert ved mottak på slakteriet.

Levering av blandingslass av villsau og sau av andre raser
Produsenter som leverer blandingslass av villsau og sau av andre raser, må merke villsauen med signalmerker. Da er det mulig å skille villsau og annen sau fra samme leverandør fra hverandre. Merkene må settes på av produsenten umiddelbart før levering.

Rutiner for retur og nisje i Nortura

Tenker du å ta slakt i retur, eller er du nisjeprodusent? Her er litt informasjon om dette, og hva du må gjøre når du skal ta tilbake slakt som nisje eller retur:

Retur:
- Retur skal være til egen husholdning. En kan derfor ta maks ca 300 kg returslakt i løpet av et år
- Det er laget ett felles skjema for retur der du kan bestille ulik partering, andre tjenester og hva dette koster pr kg. Skjemaet finner du på medlem.nortura.no eller hos Medlemssenteret. Det skal fylles ut og sendes med dyretransporten ved levering
- Husk å melde inn dyr du skal ha i retur på egen avtale, Retur. Dette er viktig da vi ikke kan disponere disse dyra i vår varestrøm, og det blir enklere å planlegge mannskapsbehovet på returavdelingene våre
- Returdyr skal signalmerkes før henting, bestill merker i god tid hos Os ID, osid.no eller tlf. 62 49 77 00. Bruk innsats i merketanga når du signalmerker.
- Ikke-medlemmer vil få et prispåslag på 50% for andre tjenester enn slakting
- Du får en vanlig avregning, og avregningsprisen blir fakturert når du får faktura

Nisje:
- Nisje er slakt som skal selges eller serveres utenfor egen husholdning
- Nisjeprodusenter må være medlemmer i Nortura og ha egen nisjeavtale
- Partering må avtales før innmelding (Nortura-anlegg eller annen skjærebedrift)
- Nisjedyr skal meldes inn på egen avtale, Nisje. Dette er viktig da vi ikke kan disponere disse dyra i vår varestrøm
- Skjema for nisjeslakt finner du på medlem.nortura.no eller hos Medlemssenteret.
- Nisjedyr skal signalmerkes før henting, bestill merker i god tid hos Os ID, osid.no eller tlf. 62 49 77 00. Bruk innsats i merketanga når du signalmerker.
- Du får en vanlig avregning og kjøper de aktuelle slaktene tilbake til engrospris levert på en av våre slakteriers rampe

Som vanlig oppfordrer vi til å ikke bestille retur av slakt i den mest hektiske slaktesesongen for lam.

Kostnader ved å ta slakt i retur
Nortura har i noen år priset retur av slakt pr stk. Fra 16. februar 2023 gikk vi over til å prise retur av slakt pr kg. Årsaken til at vi gjør denne endringen, er at vi ønsker å få en riktigere pris både for tunge og lette slakt innen de ulike dyregruppene. Prinsippet for ny slaktekostnad ved retur er:
Engrospris kr/kg
- avregningspris kr/kg
- omsetningsavgift kr/kg
- Forsknings- og kjøttkontrollavgift kr/kg
- trekk for mellomtransport
= Slaktekostnad retur kr pr kg

Du får først en vanlig avregning for slaktet ditt. Dersom det er returslakt, får du faktura på engrospris fratrukket omsetningsavgift, forsknings- og kjøttkontrollavgift og trekk for mellomtransport.

Rutinar for retur av ullne skinn

32 000 skinn vart teke i retur i Nortura i 2022. Det er difor ein betydeleg varestraum og det er difor viktig å ha gode rutinar for dette.

1. Kva dyr og periode vi tek ansvar for å ta returskinn?
Nortura tek ansvar for å ta av returskinn i perioden juni, juli, august, september og oktober. Utanom desse periodane tek vi ikkje ansvar for skinn som blir øydelagde i slakteprosessen.
Vi tek ansvar for å ta returskinn av lam og vårklypt sau i normalt godt hold. Fylgjande type dyr tek vi returskinn av berre på produsentens eige ansvar:
- Mohair og Kashmir geit/kje
- Sau med heilårsull
- Små lam og sau med feittgruppe 2- og lågare

Når Nortura tek ansvar for at jobben blir gjort, betyr det at eventuelle skader på skinn blir erstatta (sjå punkt 4). Når det blir gjort på produsenten sitt eige ansvar, blir eventuelle skader ikkje erstatta.

2. Skjema for bestilling av returskinn
Det skal brukast skjema «Returskjema skinn og hud» når ein bestiller skinn i retur. Gå til menypunktet «Retur av skinn» under Småfe på Medlemsportalen, så finn du dette skjemaet. Her skal du skrive på dersom du har ynskje om at skinnet skal sendast til eit spesielt garveri, elles blir skinnet sendt til det garveriet slakteriet har avtale med. Lever utfylt skjema med dyretransporten.

3. Merking av dyr ein skal ta returskinn av
Dyr ein skal ta returskinn av, skal merkast av produsenten før levering med signalmerker av plast. Bestill returskinnmerker eller pelssaulaget sitt returmerke frå Os ID i god tid. Returskinnmerka skal delast i to, og bli sett i med vanleg merketang. Bruk innsats i merketanga.

4. Erstatning av skinn som blir skada
Når eit skinn blir skada, og Nortura tek ansvar for å ta returskinn av dyret, skal produsenten få tilbydd eit erstatningskinn som kompensasjon. Kryss av på returskinnskjemaet dersom du ynskjer erstatningsskinn ved evt. skade på skinnet ditt.

5. Skinn som er merka med pelssaulaget sine signalmerke
Når dyr er merka med pelssaulaget sitt signalmerke (orange) kjem til slakting, så må Donnia sin fylgjesetel fylgje skinnet.

Vi oppfordrar til å ta returskinn berre i slaktesesongen juni-oktober. Ulla på vinter- og vårslakta sau er for stiv, ofte tova og difor ikkje egna til beredningsskinn. Både Nortura og garveria synes difor det er bortkasta tid og pengar å ta returskinn i denne perioden. Ein bør heller ikkje ta returskinn av sau med heilårsull.

Reduser risikoen for vêrsmak og -lukt

Vi må alltid vera på vakt mot at det blir lukt- og smaksfeil på vêrlamslakta om hausten. Årsaka til at dette skjer, er hormonelle endringar hjå vêrlamma når paringssesongen nærmar seg. Vi har difor laga fylgjande råd for å redusere risikoen for lukt og smaksfeil på vêrlam:
- Alle vêrlam bør vera slakta seinast tre veker før paringssesongen startar. Det betyr at vêrlam som ikkje er slaktemogne ved sanking, bør setjast på intensiv sluttfôring på kraftfôr og grovfôr eller eit godt grønnfôrbeite rett etter sanking.
- Sorter søyelam og vêrlam. Det er spesielt viktig dersom sluttfôringa går føre seg inne. Dette gjev også meire ro i flokken, betre tilvekst.

Oppstart og avslutning av slaktesesongen på småfe

En stor del av slaktinga og skjæringa av sau/lam blir gjort av sesongarbeidere som Nortura må skrive kontrakt med lang tid i forveien. Både Nortura og de innleide arbeiderne ønsker stor aktivitet mens de jobber her i landet. Når de reiser hjem, blir slakte- og skjærekapasiteten mindre. Her finner du en oversikt over oppstart- og avslutningsuker for sesongslaktinga 2023 med tilhørende innmeldingsfrist. Vi håper dette kan være til hjelp når slaktesesongen skal planlegges både i lammeringene og for den enkelte bonde. Småfeslaktinga starter opp igjen på de fleste Nortura-slakteri i uke 2, mandag 8. januar.

Tabell 1. Plan for oppstart av sesongslakting 2023

Fabrikk	Uke nr	Innmeldingsfrist:	Merknad
Forus	31	Tirsdag 25. juli kl. 08.00	Vanlig med noe småfeslakting også i uke 29
Sandeid	31	Tirsdag 25. juli kl. 08.00	
Førde	31	Tirsdag 25. juli kl. 08.00	
Gol	31	Tirsdag 25. juli kl. 08.00	
Rudshøgda	35	Tirsdag 22. august kl. 08.00	Slakter litt i slutten av uke 35, ca 1000 småfe
Malvik	32	Tirsdag 2. august kl. 08.00	Slakter ikke uke 33, men uke 34 og utover
Bjerka	34	Tirsdag 15. august kl. 08.00	
Målselv	31	Tirsdag 25. juli kl. 08.00	Om det er noe innmeldt
Karasjok	33	Tirsdag 8. august kl. 08.00	Eventuelt uke 34, kommer an på innmelding

Tabell 2. Plan for avslutning av småfeslakting 2023

Fabrikk	Uke nr	Innmeldingsfrist:
Forus	49	Tirsdag 28. november kl. 08.00
Sandeid	49	Tirsdag 28. november kl. 08.00
Førde	49	Tirsdag 28. november kl. 08.00
Gol	49	Tirsdag 28. november kl. 08.00
Rudshøgda	43	Tirsdag 17. oktober kl. 08.00
Malvik	48	Tirsdag 21. november kl. 08.00
Bjerka	48	Tirsdag 21. november kl. 08.00
Målselv	50	Tirdag 5. desember kl. 08.00
Karasjok	49	Tirsdag 28. november kl. 08.00


Foto: Grethe Ringdal

God økonomi med å vera med i lammering

Vel 80% av alle sau/lam Nortura slakta i 2022 kom frå ein sauebonde som er organisert i lammering. Lammeringorganiseringa ser ut til å heve slaktekvaliteten på lam og utbetalinga av tilleggsytingar. Tabellen nedanfor syner høgare utbetaling av kvalitetstillegg, samstundes som også puljetillegget er større hjå lammeringmedlemmene. Høgare sesongtillegg tyder også på at lammeringmedlemmene kjem tidlegare i gang med slakting om hausten. Ta kontakt med ein rådgjevar i Nortura om du vil bli med i, eller vil starte ein lammering.

Tabell 3. Resultat innanfor og utanfor lammering i 2022:

Andel i lammering	**81,4%**	
Andel utanfor lammering	**18,6 %**	
Kvalitet lam	**Innanfor lammering**	**Utanfor lammering**
Vekt, kg	19,03	16,98
Klasse	R	R-
Feittgruppe	2+	2+
Andel Stjernelam	92 %	81 %
Andel Gourmetlam	60 %	41 %
Økonomi lam, kr	**Innanfor lammering**	**Utanfor lammering**
Avrekningspris pr lam	946	810
Puljetillegg	46	21
Sesongtillegg	14	9
Kvalitetstillegg Stjernelam	41	31
Kvalitetstillegg Gourmetlam	34	22
Lammeringstillegg	15	
Økonomisk resultat pr lam*)	**1097**	**894**
Forskjell pr lam	**203**	

*) I tillegg kjem kvantumstillegget

Nortura Medlemssenter har felles telefonnummer – 955 18 400

Vi minner om at Nortura Medlemssenter har felles telefonnummer 955 18 400. Vi minner også om innmeldingsfristene:

- Min Side: Innen tirsdag kl. 08.00 uka før ønsket levering
- Telefon: Innen tirsdag kl. 08.00 uka før ønsket levering (Medlemssenteret åpner kl. 07.00)

Medlemmer av lammeringer skal melde inn til lammeringlederen dersom ikke annet er avtalt (Min side åpner for innmelding fra lammeringmedlemmer i løpet av sommeren, se side 16). Vi oppfordrer alle lammeringledere om å bruke Min side når de skal melde inn lass. Dette er mest rasjonelt både for lammeringlederne og Medlemssenteret, og det reduserer risikoen for feil og misforståelser.

Rett øyremerking er avgjerande for effektiv slakting og rett og raskt slakteoppgjer

Ein stor tidstjuv på slakteria våre er å finne ut av kven som er eigar av slaktedyr når dei er feilmerka eller manglar merking. Rett signalmerking er også viktig for at ikkje feil skal oppstå. Tid er pengar og i Nortura er det bonden som betaler for tida.

Andre fordelar med rett merking:
- Avrekninga blir raskt tilgjengeleg for bonden
- Slaktekapasiteten aukar og det blir mindre skyving
- Slaktedata kjem raskt over til Sauekontrollen, Animalia og andre brukarar av slaktedata

Her er nokre skjekk-punkt:
- **Har alle slaktedyr øyremerke?**
- **Har alle merkedelane på lammet same individnummer?**
- **Er øyremerka er lesbare og ikkje fulle av møkk?**
- **Er all innkjøpt sau, inkludert avlsvêrar og kåra vêrlam, merka med kvitt øyremerke med dyrehalds-identifikator til ny eigar og nytt individnummer?** Hugs her at øyremerket blir brukt som hjelpemiddel for å gje dyret rett kategori. Det kan difor vera lurt at også kvite øyremerke på innkjøpte slaktelam har eit individnr som startar med siste siffer i fødselsåret. Elles hamnar fort store kåra vêrlam i kategorien ung sau eller vêr.
- **Er elektronikken i det elektroniske opprinnelses-merket frå seljar øydelagt?** Dette sikrar mot at det er dette merket som blir registrert, og ikkje opplysningane på det kvite øyremerket frå eigar. Opprinnelsesmerket skal ikkje klippast av.
- **Er alle årets slaktelam merka med årets merke, dvs at individnr startar med siste nr i fødselsåret?**
- **Er dyr med ulike avtaler signalmerka, og brukar du innsats i merketanga når du signalmerker?**

Slik øydelegg du elektronikken i opprinnelsesmerket: Antenna ligg ca 2mm inn i merket. Set difor spissen på avbitartonga så langt inn som vist på biletet og klem til. Pass på at det som er prega på merket er leseleg etter at du har øydelagt elektronikken og merket må ikkje dette ut. Det går også an å kjøpe elektroniske kvite øyremerke. Da er det ekstra viktig å øydeleggje elektronikken i opprinnelsesmerket, slik at det ikkje blir lest av to øyremerke på eit dyr. Da blir dette registrert som to individ og det blir forskyving på linja.

Slik øydelegg du elektronikken i eit elektronisk øyremerke.

Skittent øyremerke.

Påsetting av småfemerket Combi E23 / Combi 3000 Mini eller Små



1. Merket må settes i øret med **ett** fast trykk med tanga. Det sikrer et rent, godt hull og er til mindre ubehag for dyret.
2. Merket må settes **mellom de to nederste bruskene** i øret og en tredjedel ut på øret fra ørefestet og hodet.
3. Etter at merket er satt i, **vri merkedelene litt rundt** i forhold til hverandre, for å gjøre rent sårhullet.

Det elektroniske øremerket Combi E23 (hulldel) er festet på sin respektive tappdel. Hulldelen og tappdelen rives løs fra hverandre og er klare for isetting.

Pass på å ikke blande merkedelene; hull- og tappdel **må** ha samme nummerering.

Bruk tanga Combi Junior

Combi Junior brukes både til de ikke-elektroniske og de elektroniske øremerkene.

NB: Ta ut plastinnsatsen i tanga.

OBS: Svart nål

Retur- og slakterimerker

1. Del merket i to og sett det i påsettingstanga. Bruk Combi Junior **med** plastinnsats i nederdelen.
2. Merket skal settes gjennom øret og klemmes i lås med én kort, bestemt bevegelse.



*Merke i Combi Junior-tang **med** plastinnsats*

Retur- og slakterimerker, hele merker

Delt merke

Ny prisdifferensiering mellom klasser gjer det meir lønsamt å produsere lam med god kjøttfylde

Av Finn Avdem, fagsjef småfe i Nortura

Nortura Totalmarked og Animalia har hatt ein gjennomgang på pristillegga som industrien betaler for lam i ulike klasser. Bakgrunnen gjennomgangen var å evaluere samanhengen mellom pris og skjere- utbytte. Animalia har gått igjennom nedskjeringsresultat av 956 lam i ulike klasse-, fett og vektgrupper. Det er rekna ut kjøtt-, bein-, feitt- og avfalls-prosent og ein produktverdi pr kg slakt. Denne gjennomgangen synte at det er grunnlag for å auke prisforskjellen mellom klasse O og O+ frå kr 0,50 til kr 1 pr kg. Vidare var det grunnlag for å auke prisforskjellen mellom O+ og R-, R- og R, R og R+ frå kr 0,50 pr kg til kr 1,50 pr kg. Oppsummert aukar prisforskjellen mellom lam i klasse O og nedover og lam i klasse R+ og oppover med kr 3,50 pr kg. Prisforskjellane mellom dei andre klassene blir som før. I tillegg kjem kvalitetstillegga. Det vil også bli ei lita justering av feitt-trekket på lam for feittgruppe 3+. Det blir redusert med kr 1 til kr 5 pr kg.

Same endringane er gjort på sau og ung sau. Det meste av sauen blir skore ned til utbeina produkt. Kjøttfylde er difor minst like viktig for skjereutbyttet på sau som det er på lam.

Tabell 4. Endring i prisdifferensiering mellom klasser lam, sau, ung sau

	E+	E	E-	U+	U	U-	R+	R	R-	O+	O	O-	P+	P	P-
Dagens	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	3,00	5,00	3,50	8,50	
Ny prisdifferanse	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	0,50	1,50	1,50	1,50	1,00	3,00	5,00	3,50	8,50	
Auka prisdifferanse							1,00	1,00	1,00	0,50					

Fett-trekk på 3+ reduserast fra 6 til kr 5 på lam

Desse endringane gjer det meir lønsamt å produsere sau- og lammeslakt med god kjøttfylde. Eit viktig tiltak for å auke kjøttfylden er god vårtilvekst. Figur 1 er laga på grunnlag av tilvekst og slaktedata frå 480 000 lam i Sauekontrollen med fødsels- og vårvekt frå 2020, 2021 og 2022. Figuren syner at jo høgare vårtilveksten er, jo større sjanse er det for at lammet får ei god slakteklasse.



Figur 1. % lam i ulike slakteklasser med ulik vårtilvekst.



Figur 2. % lam i ulike slakteklasser frå spælsauflokkar som brukar både spælvêr og langrumpa vêr på søyene sine.

